



# Møteprotokoll frå Soknerådsmøte

Tysdag 17. jan. 2017

kl. 18:30-19:30

kyrkjekontoret

## Desse møtte:

### Namn

Gunmar Grimstad  
Bjørg Vartdal Hareide  
Kjersti Røyset Topphol  
Hege Tretnes  
Leidulv Ø. Grimstad  
Lidvar Arne Grimstad  
Andre Gjerde  
Jan Erik Hovland

### Funksjon

leiar  
medlem  
nestleiar  
medlem  
medlem, sokneprest  
1. varamedlem  
2. varamedlem  
sekretær, kyrkjeverje

## Desse møtte ikkje:

### Namn

Turid Engen  
Wenche Iren Roppen  
Lars Sellereite

### Funksjon

medlem  
medlem  
medlem

7 voterande

## Desse sakene vart handsama:

- SR 01/17 Godkjenning av innkalling og saksliste
- SR 02/17 Godkjenning av referat frå førre møte
- SR 03/17 Godkjenning av Trusopplæringsplan for Hareid sokn
- SR 04/17 Høyring – Oppretting av samisk valmøte i Den norske kyrkja
- SR 05/17 Høyring – Ordning for utpeiking av biskopar
- SR 06/17 Søknad om leige av Hareid kyrkje

## Orienteringar:

- Referat frå utval:
  - Vedlegg: SR170117 Orienteringar.pdf
    - AU 06.12.16
    - Undervisningsutvalet 10.01.17

Møtet vart leia av soknerådsleiar Gunmar Grimstad.

Hareid, 18.01.17

Gunmar Grimstad  
soknerådsleiar

Jan Erik Hovland  
sekretær  
kyrkjeverje

### **SR 01/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksutgreiing:**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 11. januar.

#### **Soknerådet si handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

*Vedtak: Soknerådet godkjenner innkalling og saksliste.*

### **SR 02/17 Godkjenning av referat frå førre møte**

#### **Saksutgreiing:**

Referat vart sendt ut pr. e-post 12. januar.

#### **Soknerådet si handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

*Vedtak: Soknerådet godkjenner referatet.*

### **SR 03/17 Godkjenning av Trusopplæringsplan for Hareid sokn**

*Vedlegg: SR0317a Utdrag trusopplæringsplan for Hareid sokn.pdf*

#### **Saksframlegg ved kyrkjelydspedagog Barbro Landmark.**

#### **Saksutgreiing:**

Innan 31.januar 2017 skal alle sokn ha laga sin eigen plan for trusopplæring som inneheld 315 timar undervisning for 0-18 år.

I Hareid har vi sidan 2005 arbeid med dette og planen med 24 ulike tiltak for heile målgruppa var klar i 2014 og innsendt til bispedømme.

Soknerådet har derfor godkjent ein plan tidlegare, også før 2014.

Dei planane som tidlegare har vore godkjent har fått kommentarar i fleire runder frå bispedømme med ting som må reviderast.

Undervisningsutvalet har arbeidd grundig med planen og revidert utifrå kommentarar frå bispedømme.

Planen er omfattande, med 24 tiltak frå 0-18 år. Nokre årskull har tilbod om fleire tiltak, 10 av tiltaka er retta mot gudstenester.

Soknerådet må ha kjennskap til grunnlag for planen og kva ressursar som må til for å gjennomføre den.

#### **Soknerådet si handsaming:**

Ein film med bilete frå siste års trusopplæringsarbeid vart vist.

Planen vart presentert av kyrkjelydspedagogen.

**Røysting:** samrøystes

*Vedtak: Soknerådet godkjenner Trusopplæringsplan for Hareid sokn av 17.01.2017.*

### **SR 04/17 Høyring – Oppretting av samisk valmøte i Den norske kyrkja**

*Vedlegg: SR0417a Høringsbrev – samisk valgmøte.pdf*

*SR0417b Høringsnotat – samisk valgmøte.pdf*

**Saksutgreiing:**

Hareid sokneråd er høyringsinstans for denne saka, og må ta stilling til om vi vil sende inn høyringssvar. Fristen er 17. februar 2017.

**Soknerådet si handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

*Vedtak: Soknerådet vel å ikkje sende inn høyringssvar.*

**SR 05/17 Høyring – Ordning for utpeiking av biskopar**

*Vedlegg: SR0417a Høyringsbrev – ordning for utpeiking av biskoper.pdf*

*SR0417b Høyringsnotat – ordning for utpeiking av biskoper.pdf*

**Saksutgreiing:**

Hareid sokneråd er høyringsinstans for denne saka, og må ta stilling til om vi vil sende inn høyringssvar. Fristen er 15. mars 2017.

**Soknerådet si handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

*Vedtak: Soknerådet ber AU komme med forslag til høyringssvar til soknerådsmøtet 14. mars.*

**SR 06/17 Søknad om leige av Hareid kyrkje**

*Vedlegg: SR0617a E-post med repertoarliste.pdf*

**Aktuelle lovar og reglar:**

Regler for bruk av kirkene: § 5.

**Saksutgreiing:**

Hareid kammerkor og Musikklaget Melshorn har forhøyrert seg om å få leige kyrkja i samband med ein konsert dei ynskjer å ha. Konserten har ein rekke songar i sjangeren opera – operette – musikal. Nokre av dei med kristent innhald.

Kyrkjeverja har innhenta følgjande kommentar frå kantor:

*«Fekk repertoaret kor og korps har planar om å framføre på denne konserten.*

*Av 12 titlar, har berre 3 av dei direkte kristent innhald. Dette meiner eg er for lite i forhold til det totale antal musikkstykker/songar, og det blir feil «vekting» til å kunne ha konserten i kyrkja.*

*Eg trur repertoaret vil passe betre i eit anna konsertlokale.*

*Ida Teige»*

Kyrkjeverja støttar kantor i dette. Innhaldet i konserten er i hovudsak ikkje å rekne som føremålstenleg – til Guds ære eller oppbyggjeleg for kyrkjelyden.

**Soknerådet si handsaming:**

Desse soknerådsmedlemmane bad om å få vurdert sin habilitet i saka:

Kjersti Røysset Topphol og Lidvar Grimstad – medlemmar i Hareid kammerkor.

Hege Tretnes – medlem i Musikklaget Melshorn.

*Soknerådsmedlemmane vart kjend ugilde i saka.*

4 voterande att. Soknerådet er ikkje vedtaksfør jfr. Virksomhetsreglene § 5.

Saka vert utsett til neste møte.